

HJARTDAL KULTURSKULE

Kommunehuset
3692 SAULAND
Telefon: 97169934

frode.flatland@hjartdal.kommune.no

Søknad om undervisning ved Hjartdal kulturskule 2019/2020

Elevens navn og adresse: _____

Fødselsdato: _____

Ynskjer undervisning i: _____ (Har du fleire ynskje så skriv opp alle her)

Føresette - navn og adresse

(Informasjon og krav om brukarbetaling vert sendt til denne adressa. Gjeld elevar under 18 år)

Adresse: _____ Tlf.: _____

Elevens eigen mobil:

E-post til heimen:

E-post til eleven:

Dato og underskrift – elev: _____

Dato og underskrift – føresettt: _____

Hovudregelen er at påmeldinga er bindande for heile skuleåret. Eleven har sin plass i kulturskulen til plassen vert sagt opp eller at tilbodet bortfell. Elevar som allereie har plass i kulturskulen treng ikkje søke på nytt for neste skuleår. Brukarbetalinga er delt i to terminar, haust og vår. Dersom eleven sluttar i løpet av eit semester vil ein bli fakturert for dette semesteret. Gjeldande prisar finn du på www.hjartdal.kommune.no.

Søknad kan leveras på kommunehuset, sendas i posten eller til e-post:

frode.flatland@hjartdal.kommune.no

Søknadsfrist: 03.06.2019 (Hovudopptak)

Hjartdal kulturskule praktiserar løpande opptak, dvs at ein kan søke om plass heile året. For å koma med i hovudopptaket for skuleåret 2019/2020 er fristen 3. juni. Desto tidlegare ein søker, desto større er sjansen for å få plass.

Ta kontakt om de har spørsmål.

Vennleg helsing

Frode Flatland
Kulturskulerektor

Undervisningstilbod i Hjartdal kulturskule

Ein kan søke om eit eller fleire tilbod i Hjartdal kulturskule. Elevar som ikkje får plass med ein gong vert sett på venteliste og får tilbod om undervisning så snart kulturskulen har ledig kapasitet. Som elev i kulturskulen får du individuell opplæring på instrumentet eller i grupper for kunst, dans, film og foto. Du får delta i samspel med andre elevar og du får delta på ulike konsertar og arrangement i regi av kulturskulen.

Det er mogleg å leige instrument frå kulturskulen og me leiger ut så lenge lageret rekk. Elles forventas det at eleven sjølv skaffar seg instrument. Eleven må koste diverse forbruksmateriell sjølv i dei tilfelle det er aktuelt.

For skuleåret 2019/2020 har me fylgjande tilbod i kulturskulen:

Musikkundervisning:

- Piano / keyboard
- Vokal (kan og kombineras med andre instrument. Eksempel: vokal og piano)
- Gitar (akustisk og elektrisk)
- Bass
- Banjo
- Ukulele
- Trommer
- Perkusjon
- Hardingfele
- Fiolin
- Fløyte
- Samspel (i hovudsak for elevar som allereie beherskar eit instrument)
- Hjartdal musikkorps – opplæring i diverse blåseinstrument eller slagverk. Samspel og øvingar saman med korpset.

Dans:

Endeleg kan me tilby dans i kulturskulen att! Dans var eit særst populært tilbod sist og me håpar at mange ynskjer å bli med no også. Undervisninga foregår i grupper som er dela inn i aldersklasser. Du vil få opplæring i ulike danseteknikkar, sjangre, danseuttrykk og koreografi.

Film og foto:

På *Film og foto* får du arbeide saman med andre om å utvikle idéar om til film og formidle ei historie eller eit budskap gjennom foto. Du vil få ei innføring i grunnleggjande teknikkar og verkemiddel med praktisk og teoretisk tilnærming. Det vil bli nytta ulike teknikkar, reiskapar og utstyr som: teikning, Ipad, film- og fotokamera og enkel, brukarvennleg programvare for redigering av film og foto.

Kunstgruppe - teikning, måling og kreativt handarbeid

På kunstgruppa lærer du om teikning, måling og kreativt arbeid med ulike materialer som leire, sparkel, gips mm. Du vil få ei innføring i grunnleggjande teknikkar med praktisk og teoretisk tilnærming. Er du glad i å teikne eller å lage noko kreativt med hendane er dette kurset for deg.
